

Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 18/2064-1

Regionale utviklingsmidlar 2018 - fordeling 1

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Nærøyfjorden Verdsarvpark får kr 150 000 til prosjektet Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken – prosjektår 2018.
2. Nærøyfjorden Verdsarvpark får kr 347 000 til prosjektet Stien som ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven.
3. Nærøyfjorden Verdsarvpark får kr 96 400 til prosjektet Kunnskapsinnhenting – ferdselsteljing.
4. Den førebelse statusrapporten for hydrogensatsinga vert teken til vitande. Det blir sett av kr 875 000 til fylkeskommunen sin hydrogeninnsats i 2018. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere desse midlane.
5. Sykkylven Næringsutvikling AS får avslag på støtte til prosjektet Designvegen.
6. Vestlandsforskning får kr 300 000 fordelt på kr 75 000 i året over fire år til prosjektet Konsekvensar av klimaendringar for det naturbaserte reiselivet i Norge.
7. Mohnsenteret for innovasjon og utvikling ved Høgskulen på Vestlandet får kr 600 000 til gjennomføring av prosjektet Program for studententreprenørskap.
8. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere kr 450 000 til ei trainee-løysing frå hausten 2018.
9. Tilskota vert finansierte slik:
 - a. Tilskota til Nærøyfjorden Verdsarvpark vert dekkja med midlar frå KMD-midlar frå tidlegare år/utviklingsfond næring.
 - b. Tilskotet til hydrogensatsinga vert dekkja med kr 675 000 som står att på utviklingsfond for næring (opprinneleg avsett til prosjektet Tredrivaren), og kr 200 000 frå KMD-midlar frå tidlegare år/utviklingsfond næring.
 - c. Tilskotet til Vestlandsforskning vert dekkja med midlar frå næring og kultur sitt 2018-budsjett, tenesteområde 7018 Kunnskap.
 - d. Tilskotet til Mohnsenteret vert dekkja med midlar frå næring og kultur sitt 2018-budsjett, tenesteområde 7015 Nyskaping.
 - e. Midlane til trainee-løysinga vert dekkja over næring og kultur sitt budsjett for 2018, tenesteområde 7015 Nyskaping.
10. Fylkesdirektøren set nærare vilkår i eigne tilskotsbrev.

Vedlegg:

Søknad Nærøyfjorden Verdsarvpark – Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken – prosjektår 2018

Nærøyfjorden Verdsarvpark – Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken – handlingsplan 2018

Søknad Nærøyfjorden Verdsarvpark – Stien som ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven

Søknad Nærøyfjorden Verdsarvpark – Kunnskapsinnhenting – ferdselsteljing

Søknad Sykkylven Næringsutvikling – Designvegen

Sykkylven næringsutvikling – Designvegen – prosjektplan

Søknad Vestlandsforskning – Konsekvensar av klimaendringar for det naturbaserte reiselivet i Norge

Vestlandsforskning – Konsekvensar av klimaendringar for det naturbaserte reiselivet i Norge – nytt budsjett

Søknad Mohnsenteret ved Høgskulen på Vestlandet – Program for studententreprenørskap
 Mohnsenteret ved Høgskulen på Vestlandet – Program for studententreprenørskap -
 programskisse

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Søknad om støtte til vandring og verdiskaping i Verdsarvparken – prosjektår 2018

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

1.1 Bakgrunn

Nærøyfjorden Verdsarvpark søker om 150 000 kr i støtte til gjennomføring i 2018, det siste året av det treårige prosjektet «Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken».

1.2 Historikk

Fylkeskommunen har tidlegare støtta Nærøyfjorden Verdsarvpark slik:

- 2017: 400 000 kr - Driftstilskot samla for åra 2018 og 2019
 25 000 kr - Friluftaktivitet 2017 – Fortellerfest i Aurlandsdalen
- 2016: 300 000 kr - Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken
 220 000 kr - Stillinga Parkforvaltar kulturminne og formidling
 78 900 kr - Trygg og kvalitativ ferdsel i Aurlandsdalen
- 2015: 121 000 kr - Tilrettelegging av stien til Brekkefossen i Flåm
 200 000 kr - Stiftinga Nærøyfjorden – Turskiltmidlar 2015

Nærøyfjorden Verdsarvpark søkte i 2016 om 450 000 kr fordelt på tre år, og fekk tildelt 300 000 kr fordelt på 2016 og 2017.

1.3 Nærare omtale

I 2016 starta Nærøyfjorden Verdsarvpark opp eit treårig prosjekt med mål om å auka vandring og verdiskaping i Verdsarvparken generelt og i Aurlandsdalen spesielt. Prosjektet blir gjennomført saman med friviljuge lag og organisasjonar (turlag), representantar for grunneigarar og næringsverksemdar, verneområdeforvaltning, reisemålsselskapet Visit Sognefjord og då nyoppretta arbeids- og styringsgruppe for Aurlandsdalen.

Det er eit treårig prosjekt som skal auka samhandlinga, aktiviteten og verdiskapinga knytt til vandring i Verdsarvparken.

Prosjektet har som mål å:

- a) Fremje, planlegge, organisere og sikre gjennomføring av koordinerte og prioriterte tiltak og aktivitetar knytt til vedlikehald, istandsetjing, rydding og skilting (pilskilt og informasjonstavler) av turveggar, samt etablering av innfallsportar i Verdsarvparken generelt og Aurlandsdalen spesielt.
- b) Vere pådrivar og støtte for auka marknadsføring, utvikling, bruk og verdiskaping knytt til vandring.
- c) Ta hand om og koordinere akutte tiltak i Aurlandsdalen knytt til ras og/eller steinsprang.
- d) Ivareta sekretær- og koordinatorkjerna for arbeids- og styringsgruppa for Aurlandsdalen, samt sikre samhandling mellom lag, organisasjonar, reiselivsverksemdar og reisemålsselskap i parkregionen (verdsarvkommunane Aurland, Vik, Voss og Lærdal).

Utover satsinga i Aurlandsdalen, har prosjektet som mål å utbetre, tilrettelegge, foredle og marknadsføre minimum tre lengre turveggar i kvar av parkkommunane (Aurland, Vik, Voss og Lærdal). Kjelda for prioritering er turboka «Opptur Nærøyfjorden».

Prosjektet skal resultere i

- a) Godt tilrettelagt og skilta turveggar, betre og tryggare tilkomst for turgåarar.
- b) Redusere negative effektar på landskap, beite og beitande dyr som fylgje av ferdsle og vandring.

- c) Medverka til ei kvalitativ god turoppleving og god besøksforvaltning.
- d) Styrke driftsgrunnlaget for lokale reiselivsverksemdar.

1.4 Økonomi

Budsjettpost	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Prosjektleiing - koord. og gjennomføring	500 000					500 000
Utb./ istandsetjing vegar og bruer, rydding/skjøt	150 000					150 000
Utv/ oppsett av skilt/infotavler, etab. infopkt.	150 000					150 000
SUM kostnader	800 000					800 000

Finansieringspost	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	150 000					150 000
Miljødirektoratet/ Verdsarvparken	200 000					200 000
Aurland kommune - tilskot	150 000					150 000
Gjensidigestiftinga/ infrastrukturmidlar	150 000					150 000
ECO Energi AS	75 000					75 000
Dugnad/ eigeninnsats	75 000					75 000
SUM finansiering	800 000					800 000

1.5. Vurdering

Det aktuelle prosjektet er viktig i arbeidet med å ta vare på viktige verneverdiar, og samtidig gje dei besøkande gode opplevingar og auke den lokale verdiskapinga. Delar av verdsarvområdet har i dag ei vel stor tilstrøyming av besøkande deler av året, noko som utfordrar ivaretakinga av verdsarverdiar og opplevinga til dei besøkande. På andre tider av året, og andre stadar i verdsarvområdet kan det vere få besøkjande. Det omsøkte prosjektet vil bidra til ein meir berekraftig bruk av verdsarvområda, gjennom ei god tilrettelegging for vandring.

1.6 Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår hovudutvalet å støtte prosjektet til Nærøyfjorden Verdsarvpark med 150 000 kr.

2. Søknad om støtte til stien som ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

2.1 Bakgrunn

Nærøyfjorden Verdsarvpark søker om 347 000 kr i støtte til å ta vare på stien i Aurlandsdalen som ferdselsåre.

2.2 Historikk

Jf. Søknad om støtte til vandring og verdiskaping i Verdsarvparken – prosjektår 2018

2.3 Nærare omtale

«Stien som ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven» er eit deltak under «Vandring og verdiskapingsprosjektet», med mål om å skape engasjement og sørgje for ivaretaking og bruk av natur- og kulturressursane på ein fornuftig måte.

Sidan bruken av Aurlandsdalen har endra seg slik at den no heller er til allmennbruk enn til jordbruk, ligg ansvaret for ivaretaking av stien på fleire enn berre grunneigarane. Fleire område har fått slitasjeskadar som nedsunkne steinar i myrområde, omdanning av fleire gangbaner og steinmurar som sig ut. Naturhendingar som ras og steinsprang har også bidrege til øydelegging av stien, og behovet for murarbeid, steinlegging i rasområde og ombygging av steinlagde grøfter er tydeleg.

Målet med prosjektet er å sørge for at stien i Aurlandsdalen også i framtida er eit godt døme på gamal ferdselsåre og gir kvalitetsopplevingar for gjestene i Aurlandsdalen. Eit godt vandreprodukt for flotte opplevingar av natur- og kulturlandskapet for gjester og busette, på trygge stiar, skal gjennomførast ved å sette i stand og utbetre murar, steinlagde parti, steinlagde grøfter/drenering og utsigne område.

I 2017 vart det jobba med tryggleikstiltak.

I 2018 er det søkt om midlar for å leiga inn fagarbeidarar, felttimar for prosjektleiar og materialkjøp for naudsynt arbeid på blant anna steinmurar, steinlagde gangbaner og grøfter langs stien.

2.4 Økonomi

Budsjettpost	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Dugnad	102 500					102 500
Helikopterflyging og brukarbeid	130 000					130 000
Innleigd arbeid	517 500					517 500
Materialer	13 000					13 000
Overnatting	6 500					6 500
Profilering og annonsering	20 000					20 000
Prosjektleiar forberedelse og etterarbeid	116 600					116 600
Prosjektleiar i felt	132 600					132 600
Uforutsette kostnader 20% av materialer og innleig	140 000					140 000
SUM kostnader	1 178 700					1 178 700
Finansieringspost	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	347 000					347 000
DNT Oslo og Omegn	135 120					135 120
Egeninnsats (prosjektleiar + dugnad)	219 100					219 100
Gåve	130 000					130 000
Tilskudd til Verdiskaping av naturarven	347 480					347 480
SUM finansiering	1 178 700					1 178 700

2.5 Vurdering

Dette er eit prosjekt som skal ivareta ei gamal og unik ferdsleåre, som er eit godt vandretilbod for besøkande. Vi syner i den samanheng også til vurderingar kring det føregåande prosjektet. Satsinga er elles i tråd med overordna føringar i reiselivsplan og verdiskapingsplanen.

2.6 Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår hovudutvalet å støtte prosjektet til Nærøyfjorden Verdsarvpark med 347 000 kr.

3. Søknad om støtte til kunnskapsinnhenting - ferdselsteljing

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

3.1 Bakgrunn

Nærøyfjorden Verdsarvpark søker om 96 400 kr i støtte til innkjøp av teljeapparat og timar i felt for oppsett i 2018.

3.2 Historikk

Jf. Søknad om støtte til vandring og verdiskaping i Verdsarvparken – prosjektår 2018

3.3 Nærare omtale

Under arbeidet med å utvikla besøksforvaltningsstrategi for Vestnorsk Fjordlandskap og innfallsportane til området, vart det observert mangel på konkret informasjon om ferdsel langs stiane i området. Med veksande næringsliv og aukande trykk på natur- og kulturlandskapet vert behovet større på å forvalte trafikken på ein god strategisk måte.

«Kunnskapsinnhenting – Ferdsesteljning» er deltiltak under «Vandring og verdiskapingsprosjektet» og ein pågåande prosess for utvikling av besøksstrategiar for UNESCO området Vestnorsk Fjordlandskap gjennom «Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling».

Som del av ei heilskapleg besøksforvaltning av Vestnorsk Fjordlandskap er det naudsynt å hente inn konkret kunnskap om ferdsel langs stiane i regionen. Nærøyfjorden Verdsarvpark ynskjer å gjere dette for å kunne forvalte, overvaka, og evaluera behov som gjeld i eit verdifullt natur- og kulturlandskap.

Prosjektmålet er å danne kunnskapsgrunnlag over tid, som skal brukast til;

- Periodisk rapportering til UNSECO.
- Å leggja gode strategiar for fordeling av ferdsel innanfor belasta område og å spreie trafikken ut til avlastningsområder.
- Å leggja til rette for utvikling av kvalitative opplevingar i natur- og kulturlandskapet.
- Å skape godt grunnlag for å kunne prioritere tiltak.

I 2018 er det tiltenkt eit teljepunkt på tre strekningar: Rallarvegen, Aurlandsdalen og Prest.

I 2019 er det tent å flytte teljeapparata til andre stiar, og slik la teljeapparata rotere mellom ni stiar. På den måten vil dei samle inn informasjon over tid. Kvar sti vil ha teljeapparat kvart tredje år.

3.4 Økonomi

Budsjettpost	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Prosjektlei (planl., plassering og oppfølging)	37 500					37 500
Prosjektlei (søknads., rapportering, systematis)	37 500					37 500
Teljeapparat *3	155 400					155 400
SUM kostnader	230 400					230 400
Finansieringspost	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	96 400					96 400
Egen finansiering (kontor arb. prosj.lei)	37 500					37 500
Tilskot til næringslivet lokalt	96 500					96 500
SUM finansiering	230 400					230 400

3.5 Vurdering

Reiselivet kan vere den største trusselen mot verdsarven, samstundes som besøkande utgjer eit stort potensiale for verdiskaping i området. Det omsøkte tiltaket skal gje betre kunnskap om vandrings i området. Dette gjev m.a. kunnskap som kan nyttast i arbeidet med å spreie trafikken frå belasta område til mindre belasta område. Og prosjektet vil vere grunnlag for å kunne prioritere tiltak.

3.6 Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår hovudutvalet å støtte prosjektet til Nærøyfjorden Verdsarvpark med 96 400 kr.

4. Hydrogen Region Sogn og Fjordane – ein lab for hydrogenverdikjeder (Sakshandsamar: Elisabet Kjerstad Bøe)

4.1 Bakgrunn

I 2016 sette Sogn og Fjordane fylkeskommune, som den første i landet, i gang eit prosjekt for utvikling av lokale hydrogenbaserte verdikjeder, Hydrogen Region Sogn og Fjordane. Prosjektet har hatt eit budsjett på kr 5 150 000, der kr 1 950 000 har kome frå Sparebankstiftinga Sogn og

Fjordane, kr 900 000 er tildelt frå Klimasats-midlane til Miljødirektoratet, kr 475 000 frå Regionalt Forskningsfond Vest, kr 500 000 frå Nordisk Atlantsamarbeid (NORA) og kr 1 280 000 er henta frå fylkeskommunen sine regionale utviklingsmidlar. Prosjektet har hatt ein koordinator tilsett i næringsseksjonen.

Det overordna målet har vore å etablere fylket som ein leiande region, eit laboratorium, der det vert utvikla teknologi og teke i bruk hydrogen som energiberar i lokale verdikjeder.

Bakgrunnen for denne visjonen er at Sogn og Fjordane både kan og bør utnytte sine naturgjevne og komparative fortrinn i overgangen til ein låg- og nullutsleppsøkonomi. I ein analyse utført av DNV (Det Norske Veritas) i 2016 gjekk det fram at vår region har kompetanse, aktørar og energitilgang som gjev mulegheiter for ei tydeleg og konkurransedyktig rolle i ein framtidig hydrogenøkonomi. Særleg gjeld dette innanfor hydrogenproduksjon, samt bruksområde som industri, maritim transport, havbruk, og i tillegg stasjonære hydrogen-til-straum-anlegg, som kan brukast på stadar med manglande eller ingen tilgang til straumnett.

4.2 Status for arbeidet

I korte trekk kan følgjande aktivitet dokumenterast så langt i prosjektet:

- Det er etablert ei støtteordning for utviklingsprosjekt knytt til hydrogen i næringslivet i samarbeid med Sparebankstiftinga. Førebels er det gjeve støtte til utvikling av ein hydrogendriven passasjerbåt frå Brødrene Aa, etablering av eit mikronett med lokal energiproduksjon og hydrogen som energilagring i øysamfunnet Solund, design av ein arbeidsbåt for Osland Havbruk som kan gå på hydrogen frå eit småkraftverk, ein mulegheitsstudie for hydrogenproduksjon frå eit bølgekraftverk ved Lutelandet Industripark og ein mulegheitsstudie i regi av Østfold Energi, E-CO Energi, Hydro og DNV for storskala produksjon av hydrogen for industrielle føremål og eksport i Indre Sogn.
- Hurtigbåtprosjektet, som vert leia av Trond Strømgren i Maritim Foreining Sogn og Fjordane, er eit døme på korleis desse «såkornmidlane» frå hydrogenprosjektet løyser ut større løyvingar. Prosjektet har fått midlar til vidare utvikling frå Innovasjon Noreg, er teke opp som pilot i Grønt Kystfartsprogram i regi av DNV, og er eitt av to brukarcase i det internasjonale forskingsprosjektet MoZeeS, som er leia av Institutt for Energiteknikk og har eit budsjett på 230 mill kr.
- Fleire av bedriftene i prosjekta som er nemnde ovanfor har no gått saman for å danne ei Arena-klynge knytt til hydrogenverdikjeder. Denne prosessen er koordinert av Maritim Foreining Sogn og Fjordane, som har fått økonomisk støtte av fylkeskommunen til å mobilisere næringslivet og andre aktørar til ein søknad til Innovasjon Noreg hausten 2018.
- Det er gjennomført eit samarbeidsprosjekt mellom 8 kommunar i fylket, finansiert av Klimasats-midlane, der ein har laga ei verktøykasse for planlegging og gjennomføring av hydrogenprosjekt i lokalsamfunna. Kommunane Årdal, Høyanger, Selje, Eid, Vågsøy, Bremanger, Flora og Gloppen har delteke i nettverket. I fire av dei åtte kommunane er det lagt planar for vidare satsing og/eller sett i gong konkrete hydrogenprosjekt.
- Sogn og Fjordane har initiert eit samarbeid med dei andre fylkeskommunane på Vestlandet om hydrogen, og 15. februar 2018 vart det gjort framlegg for Vestlandsrådet om ein felles strategiprosess i dei fire fylka. Denne prosessen vert leia av Sogn og Fjordane og vil gå ut 2018.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, saman med Norsk Hydrogenforum, har teke initiativ til etablering av eit landsdekkande fylkesnettverk for hydrogen med støtte frå Klimasats-midlane. Strategien for fylkesnettverket vart presentert på Zero-konferansen i Oslo 1. november 2017. Sogn og Fjordane har presidentskapet i nettverket ut 2018.
- Det er sett i gang ei kartlegging av kompetansebehov i næringslivet knytt til hydrogen, og det skal utarbeidast ein kompetansestrategi for fylket, som mellom anna inkluderer satsingar innanfor vidaregåande opplæring, fagskule og høgare utdanning. I tillegg kjem FoU, innovasjon og utvikling i næringslivet, kompetanseauke i forvaltninga samt samfunnstryggleik og beredskap. Dette vert gjennomført i tett samarbeid med dei andre vestlandsfylka og koordinert med den felles strategiprosessen for hydrogen.
- Fylkeskommunen har delteke i ulike internasjonale nettverk for å auke eigen kompetanse og knyte kontakter, mellom anna regionnettverket til FCH-JU (EU sin finansielle plattform for privat/offentleg samarbeid om hydrogen og brenselceller), International Energy

Agency (Hydrogen Implementation Agreement Task 39) si ekspertgruppe for maritim hydrogenteknologi og CEN/CENELEC (European Committee for Standardization) sin norske ekspertgruppe for hydrogensikkerheit.

- Vi har lagt mykje vekt på kommunikasjon og formidling, og har mellom anna bidrege til to konferansar om hydrogen i Florø, med høvesvis 130 og 180 deltakarar frå 11 land. Det vert planlagt ein ny konferanse i Florø hausten 2018. I tillegg har vi formidla om prosjektet på ulike konferansar og seminar, mellom anna i regi av dei norske ambassadane i Tokyo og Washington DC, miljøorganisasjonen Zero, Kraftfylka, Norsk Hydrogensymposium, Grøn Fjord-konferansen med fleire.
- Fylkeskommunen er partner i ulike FoU-prosjekt og søknadar. Mellom anna har vi fått midlar frå Regionalt Forskingsfond Vestlandet til eit samarbeid med Vestlandsforskning der vi har sett på fylkeskommunen si innkjøpsrolle, og våre mulegheiter til å implementere hydrogenteknologi og andre nullutsleppsløysingar i hurtigbåttene. Vidare har vi fått tilskot frå Nordisk Atlanterhavssamarbeid (NORA) til eit læringsnettverk for lokale hydrogenprosjekt på Orknøyane, Færøyane, Island, i Canada og kystkommunane i Noreg. Sogn og Fjordane fylkeskommune er initiativtakar og leiande partner i prosjektet. I februar 2018 søkte vi saman med Hordaland fylkeskommune, Flora kommune og Bergen kommune om nye Klimasats-midlar til eit prosjekt for utgreiing av hydrogeninfrastruktur i hamnene i dei to byane, mellom anna for framtidig nullutslepp hurtigbåtforbindelse. I tillegg til dette søkte samferdsleavdelinga om midlar til eit eige kompetanseprosjekt internt i Sogn og Fjordane fylkeskommune med fokus på (hydrogen)infrastruktur i neste innkjøp av hurtigbåttene.

4.3 Finansieringsbehov i sluttfasen

Prosjektet er i sluttfasen, og aktivitetane ligg an til å verte gjennomført etter planen og innanfor budsjett. Tilbakemeldingar frå næringsliv, kommunar, utdanningssektoren og andre aktørar har likevel vore så positive at næringsseksjonen i fylkeskommunen har ønske om å finansiere opp og vidareføre enkelte aktivitetar frå prosjektet ut 2018.

Særleg satsingane som rettar seg mot utviklingsprosjekt i næringslivet, internasjonale nettverk, formidling om Sogn og Fjordane som «hydrogenregion» og den føreståande felles strategiprosessen for vestlandsregionen er viktige for å halde på posisjonen vi har:

- Tre næringsprosjekt fekk ikkje tildelt midlar frå støtteordninga oppretta av Sparebankstiftinga. Dette gjeld eit forprosjekt om hydrogenlastebilar ved TINE Meieriet på Byrkjelo, eit forprosjekt om hydrogen som energibærer i oppdrettsanlegg og ei utgreiing om muleg industriell bruk av hydrogen samt undervisning knytt til hydrogensikkerheit på fjordbasen i Florø.
- Deltaking i internasjonale nettverk er svært viktige for å kunne posisjonere næringsliv frå fylket og andre aktørar til deltaking i ulike prosjekt. Til dømes vert det jobba med å få bedrifter frå fylket med på ei utlysing frå FCH JU innanfor maritim hydrogenteknologi, der prosjektet har ei ramme på om lag 50 mill kr.
- Konferansen i Florø vert i år arrangert for tredje gang, og det er venta stor deltaking frå fagfolk i heile Europa. Dette er ein arena der fylket verkeleg får vist seg fram som ein «hydrogenregion», og ein nyttig møteplass for lokalt næringsliv.
- Dei tre andre vestlandsfylka ønsker at Sogn og Fjordane tek på seg leiarskapet i den føreståande felles strategiprosessen for hydrogen i regionen, og det er gjort framlegg om at vår del av finansieringa går direkte til lønsmidlar for prosjektleiar.

4.4 Budsjett for 2018

Med bakgrunn i dei skisserte aktivitetane for 2018, vert finansieringsbehovet dette:

Aktivitet	Budsjett NOK
A1: Prosjektleiing og koordinering - lønsmidlar og reiser *	400 000
A2: Støtte til næringsprosjekt - egne søknadar, vert handsama individuelt	375 000
A3: Internasjonale nettverk - reiser og midlar til å løyse ut annan støtte	50 000

A4: Formidling og møteplassar – eigne konferansar og samarbeid med andre	50 000
TOTALT	875 000

* Ein 50% stilling i næringsseksjonen, nokre lønsmidlar allereie sett av

4.5 Vurderingar

Fylkeskommunen sitt hydrogenprosjekt er godt motteke i næringslivet og blant dei som vi samarbeider med. Den førebelse statusrapporten syner god aktivitet innan fleire felt, og det er behov for å arbeide vidare med nokre av desse tiltaka også i 2018. Vi har nyleg avslutta eit Tredivar-prosjekt, der det er midlar att. Det står att kr 675 000 på utviklingsfond for næring. Vi legg no opp til at desse midlane vert løyvde til hydrogen-innsats i 2018. Dei resterande kr 200 000 vert dekkja med disponible midlar KMD-midlar frå tidlegare år.

4.6 Tilråding

Den førebelse statusrapporten vert teken til vitande, og det vert sett av kr 875 000 til hydrogen-innsats i 2018. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere dei nemnde midlane.

5. Søknad om støtte til Designvegen - hovudprosjekt

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

5.1 Bakgrunn

Sykkylven Næringsutvikling AS søker om til saman 291 000 kr. fordelt på tre år til prosjektet Designvegen. Prosjektperioden er 1.1.2018 – 31.12.2020. Designvegen utgjer strekninga langs Fylkesveg 60 frå Sykkylven til Stryn, og omfattar Sykkylven, Stranda, Volda, Hornindal og Stryn kommunar.

Prosjektet skal utvikle eit regionalt reiselivsprodukt, som promoterar design og norske ferdigvarer på strekninga. Designvegen skal framstå som ei ny og annleis reiselivssatsing, og baserer seg på å skape opplevsalar av allereie eksisterande aktivitetar i området.

5.2 Historikk

Sykkylven Næringsutvikling AS har gjennom 2016 gjennomført forprosjektet Designvegen 2016-2020. Forprosjektet har danna grunnlag for det omsøkte hovedprosjektet ved å utvikle presentasjons- og innsalsmateriale.

Forprosjektet hadde følgjande hovedmål:

- Utarbeiding av presentasjonsmaterieil som skal nyttast som innsal og forankring av Designvegen som nytt reiselivskonsept langs Fylkesveg 60, frå Sykkylven til Stryn.
- Styrke Sykkylven som reiselivskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune var med på å finansiere forprosjektet saman med næringsaktørar, Sykkylven næringsutvikling og Sykkylven kommune.

Søkjjar seier at tilbakemeldingene har vore svært positive og på grunnlag av det blei det beslutta å gå vidare med å utvikle ideen og skissere innhaldet i konseptet.

5.3 Nærare omtale

Designvegen skal promoterer design og norske ferdigvarer, og presentere tenester og opplevingar langs Fylkesvei 60 frå Sykkylven til Stryn. Sykkylven vil bli kopla til møbeldesign, Stranda til design innan mat og Nordfjord til design innan mote/klede.

Designvegen har som intensjon å utvikle og presentere ein heil region basert på design skapt av menneske i generasjonar. Noko denne regionen allereie er kjent for, men som no skal settast inn i ein reiselivssamanheng og utviklast til reiselivsprodukt.

Ein ynskjer å spele på lag med allereie etablerte tjenester og produkt, og vidareutvikle desse i enda større grad. Designvegen skal bidra til ein vinn-vinn situasjon for etablerte reiselivsaktørar og for dei som er i startgropa med etableringar. For heile området vil det være fleire eksempel på produkt og tenester ein kan forsterke ved å samarbeide. Målet er at det i denne satsinga ikkje berre skal verte meir aktivitet i allereie eksisterande tilbod, men og at det skal kome nye tilbod til etter kvart i alle dei kommunane som er omfatta av Designvegen. Gjennom dette skal ein legge grunnlag for å skape arbeidsplassar innan dette segmentet på breiare basis enn berre mat og overnatting.

Søkjar vil sette fokus på overnattingar, besøk på attraksjonar, auke i handelsdelen, spesielt gjennom sommarhalvåret.

Målgruppa for designvegen vil vere individuelle reisande som søker design, form, miljø, matopplevlesar og innovasjon. I tillegg vil ein vende seg til grupper som søker kunnskap ved å oppsøkje utstillingar, presentasjonar, matopplevlesar, motar og designkunnskap gjennom omvisningar og fellesmøter.

Det viktigaste resultatmålet er at ein får på plass ein prosjektleiar, som saman med styringsgruppa, klarer å etablere Designvegn som ein sjølgåande organisasjon i åra som kjem, og klarer å skape og oppnå dei effektmåla ein har sett seg.

Søkjar har gjennomført besøks/innformasjonsrundar til dei andre kommunane langs ruta samt utvalde næringsaktørar langs rute, og fått forankring og tilslutning til prosjektet. Kommunane Hornindal og Stryn, samt Visit Nordfjord har signalisert at dei finn prosjektet interessant.

5.4 Økonomi

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	SUM
Aktivitatar langs ruta	110 000	110 000	110 000	330 000
Eigne timar SNU	126 000	126 000	126 000	378 000
Kostnader vedr. annsettelse/utstyr	120 000			120 000
Prosjektleiar lønnskostander	460 000	700 000	420 000	1 580 000
Reiseutgifter/kontorhald	67 500	90 000	62 500	220 000
Sum kostnad	883 500	1 026 000	718 500	2 628 000

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	SUM
Eigne timar SNU	126 000	126 000	126 000	378 000
Hornindal kommune	25 000	25 000	25 000	75 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	155 000	205 000	139 000	499 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	90 000	121 000	80 000	291 000
Stranda kommune	25 000	25 000	25 000	75 000
Stryn kommune	30 000	30 000	30 000	90 000
Sykkylven Handelsforening	100 000	100 000	100 000	300 000
Sykkylven kommune	302 500	364 000	163 500	830 000
Volda kommune	30 000	30 000	30 000	90 000
Sum finansiering	883 500	1 026 000	718 500	2 628 000

Sykkylven kommune, Sykkylven Handelsforening og Møre og Romsdal fylkeskommune har løyvd inntil 499 000 kr. til prosjektet.

Tidsplan

Når finansieringa er på plass, så vil det verte lyst ut stilling som prosjektleiar, som då skal vere på plass i løpet av vinter/vår 2018, slik at ein er klar til satsing for reiselivsåret 2018 og framover. Prosjektleiar skal då som ein ev dei første oppgåvene lage ein detaljert milepælsplan, med ein aktivitetsplan for prosjektet.

5.5 Vurdering

Designvegen representerer nytenking i reiselivssamanheng ved å kople naturbaserte opplevingar med design og merkevarer frå ulike bransjar langs strekninga Sykkylven til Stryn. Det er positivt med prosjekt som koplar reiseliv mot andre næringar. Prosjektet skal bygge vidare på eksisterande tilbod. Å auke verdiskapinga og legge til rette for fleire heilårsarbeidsplassar er i tråd med fylket sine mål for reiselivssatsinga.

Prosjektet vil truleg vere positivt for kommunane Hornindal og Stryn, som har uttrykt at dei finn prosjektet interessant. Dette føreset god koordinering med Visit Nordfjord slik at prosjektet supplerer etablerte satsingar og ikkje konkurrerer/skapar støy. Vi tykkjer at prosjektplanen er noko uferdig, og at den ikkje skildrar tydeleg dei konkrete aktivitetane og resultatane. Dette er noko som skal jobbast vidare med i startfasen av prosjektet.

Sjølv om prosjektet er positivt og tenkjer nytt, er det avgrensa ressursar til reiselivssatsing. Vi må prioritere innsatsen der vi får størst effekt, og dei prosjekta som er mest i tråd med våre planar og prioriterte satsingar. Vi vurderer at prosjektet hovudsakleg får effekt i kommunane Hornindal og Stryn i vårt fylke, og også i desse kommunane er den konkrete satsinga noko uklart skildra.

5.6 Tilråding

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å avslå søknaden frå Sykkylven Næringsutvikling AS om tilskot til Designvegen.

6. Søknad om støtte til Prosjekt: Konsekvensar av klimaendringar for det naturbaserte reiselivet i Norge

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

6.1 Bakgrunn

Vestlandsforskning søker om til saman 300 000 kr. fordelt på 75 000 kr. i året over 4 år til prosjektet Konsekvensar av klimaendringar for det naturbaserte reiselivet i Norge. Prosjektperioden er 1.1.2018 – 31.12.2021.

Prosjektet vert sett i gang ut frå eit stort behov for meir kunnskap om dei potensielle effektane klimaendringane har på naturbasert reiseliv, og korleis ein kan tilpasse seg for å handtere klimautfordringane. To av destinasjonsselskapa i fylket er aktive partnarar i prosjektet.

Totalbudsjettet på prosjektet er 11,604 mill. kr. og den store finansieringskjelda er Norges Forskningsråd som har gitt prosjektet ei svært god vurdering, og eit tilskot på 10 mill. kr. Prosjektet er vurdert ut frå satsinga på reiseliv i verdiskapingsplanen, og er også sjekka ut med ansvarlege for klimaområdet i fylkeskommunen.

6.2 Nærare omtale

På verdsbasis er turistnæringa blant dei raskast veksande næringane, og utvikling av nye reiselivsprodukt er blitt ein viktig strategi for regional økonomisk utvikling i Norge. Samstundes påverkar klimaendringane vilkåra for turisme. Skiturismen blir alt i dag råka av snømangel på mange destinasjonar over heile verda, og forskning viser at problemet alt har gjort seg gjeldande ved ein del norske skistader.

Reiselivet er også avhengig av velfungerande fysisk infrastruktur, med vegar, hamner og telekommunikasjon. Alt dette blir påverka av klimaendringane. Likevel finst det lite forskning på dei spesifikke utfordringane turistnæringa møter med tanke på klimaendringar, både internasjonalt og i Norge. Difor er det eit stort behov for meir kunnskap om dei potensielle effektane klimaendringane har på naturbasert reiseliv og korleis ein kan tilpasse seg for å handtere utfordringane.

Det overordna målet med prosjektet er å legge til rette for berekraftig klimatilpassing tilpassing innan naturbasert reiseliv i Norge. Delmåla er:

- å vurdere følgjene av klimaendringar for vêrforhold som er kritiske for naturbasert reiseliv
- å vurdere følgjene av klimaendringar for utvalde økosystemtenester og fysisk infrastruktur som er kritisk for naturbasert turistindustri
- å utvikle tilpassingsstrategiar for dei involverte brukar-partnarane

- å utvikle klimatenester som kan bidra til at turistnæringa tek inn over seg verknadene av klimaendringar og utvikle tilpassingsstrategiar og -tiltak.

Prosjektet har tre målgrupper:

- selskapa og organisasjonane som tek direkte del i kunnskapsproduksjonen
- andre turistselskap og organisasjonar over heile Norge
- offentlege instansar med ansvar for reiseliv og klimatilpassing.

Prosjektpartnerane tek mål av seg til å vere blant dei beste naturbaserte og klimavenlege reisemåla i verda, og prosjektet ynskjer å bidra til å fylle projektpartnerane sine kunnskapsbehov. Brukarpartnerane vil bli bedne om å utvikle sine eigne tilpassingsstrategiar. Slik vil reisemåla og selskapa som er med få direkte nytte av å delta i prosjektet. Vidare vil prosjektet formidle kunnskap på fleire måtar og spreie resultatata til heile turistnæringa. Alle aktørane innan naturbasert reiseliv som står utanfor prosjektet kan slik sett ta del i nytten.

Søkar seier at turistindustrien har respondert positivt på prosjektinitiativet, ettersom dei ser eit behov for meir kunnskap om desse temaa.

Prosjektet er forankra til dei regionale destinasjonsselskapa Visit Sognefjord, Visit Nordfjord, Destinasjon Hardanger, Destinasjon Lofoten og NCE Tourism Fjord Norway. Desse aktørane er sentrale innan norsk naturbasert turisme, og har som mål å vere blant dei beste naturbaserte destinasjonane eller selskapa i Norge og i verda.

Aktørane som er med i prosjektet kjem til å ta del i produksjonen av kunnskap. Tilnærminga vil syte for at kunnskapen som kjem ut av prosjektet held høg kvalitet og sikre eigarskap blant deltakarane frå turistnæringa. Dessutan kan involveringa føre til at kunnskapen blir sett ut i livet i form av tilpassing til klimaendringar.

Prosjektet er leia av Vestlandsforskning, og har nasjonale og internasjonale samarbeidspartar.

Prosjektet omfattar fem casestudier: Fjellvandring, fysisk infrastruktur, jakt og fiske, vinterturisme og kyst- og skiturisme.

Prosjektet har planar om ei rekkje publikasjonar, både næringsretta og vitenskaplege, og legg vekt på at dei populærvitenskaplege tekstane er relevante for turistnæringa, organisasjonar og offentlege instansar med ansvar for reiseliv og klimatilpassing. Dei vitenskaplege resultatata vil bli presentere i tre typar informasjonsprodukt:

- ein klimateneste-modul skreddarsydd for reiseliv på www.klimaservicesenter.no
- eit interaktivt klimaspel som fremjar refleksjon rundt effektane av klimaendringar og tilpassingsalternativ for turistnæringa
- kortrapportar eller faktaark om kvar case og ein populærvitenskapleg rapport frå heile prosjektet – alt saman retta mot turistnæringa og ålmenta.

I tillegg vil prosjektet syte for intern informasjon på nett, sende stoff til relevante nettbaserte informasjonskanalar, sende nyhendebrev til reiselivsorganisasjonar og presentere prosjektet på arrangement for turistnæringa.

Gjennom arbeidet i brukargruppa vil prosjektet oppmode deltakarane frå turistnæringa til å ta i bruk kunnskapen i form av tilpassingsstrategiar i deira strategiske planar. Den viktigaste effekten er difor at bedrifter og offentlege organ implementerer kunnskap i deira styringssystem. På det viser skal kunnskapen frå prosjektet gi seg utslag i faktisk endring ute i bedriftene og i verkemiddelbruken til offentlege aktørar.

Prosjektet vil også skaffe viktig kompetanse til strategiske forskingssenter og utdanningsprogram knytt til både Vestlandsforskning, Høgskulen på Vestlandet, Nord universitet og Nordlandsforskning.

Forskringsrådet har vurdert prosjektet som svært godt, og det er forventta stor nytte både for næringa og offentlege aktørar med ansvar for reiseliv og klimatilpassing.

6.3 Økonomi

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	SUM
Andre driftskostnader	186 000	186 000	186 000	186 000	744 000
Innkjøp av FOU	1 665 000	1 665 000	1 665 000	1 665 000	6 660 000
Løn og indirekte kostnader	1 050 000	1 050 000	1 050 000	1 050 000	4 200 000
Sum kostnad	2 901 000	2 901 000	2 901 000	2 901 000	11 604 000

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	SUM
Anna offentleg	213 500	213 500	213 500	213 500	854 000
Forskningsrådet	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	10 000 000
Internasjonal	25 000	25 000	25 000	25 000	100 000
Privat	87 500	87 500	87 500	87 500	350 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017	75 000	75 000	75 000	75 000	300 000
Sum finansiering	2 901 000	2 901 000	2 901 000	2 901 000	11 604 000

Det er mellom anna søkt om midlar frå Hordaland fylkeskommune, Nordland fylkeskommune, DNT og Flåm AS. Søknaden til forskningsrådet er ferdighandsama og prosjektet har fått ei svært god vurdering og 10 mill. kr.

6.4 Vurdering

Reiseliv er eitt av satsingsområda i verdiskapingsplanen og er ein sektor med mykje potensial i Sogn og Fjordane. For reiselivsarbeidet har ein som mål å bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar. Temaet i prosjektet er såleis svært relevant for reiselivet i Sogn og Fjordane. Når det gjeld den faglege kvaliteten i prosjektet har Norges forskningsråd vurdert prosjektet som svært godt, og peikar mellom anna på høg vitenskapleg kvalitet og stor nytte for både nærings- og offentlege aktørar.

Eit meir berekraftig reiseliv er eit av hovudmåla i verdiskapingsplanen. Det er forska ein del på korleis reiselivsnæringa påverkar miljøet, mellom anna gjennom utslepp av klimagassar. Men det er ikkje forska så mykje på dei utfordringar næringslivet faktisk møter som følgje av klimaendringar og korleis næringslivet skal tilpasse seg denne. For Sogn og Fjordane som byggjer reiselivssatsinga så mykje på det naturbaserte reiselivet, vil det for vidare vekst og utvikling vere svært viktig å kunne ta grep i forhold til dei utfordringane som finst, - og vil kome som følgje av endra klima. Verdiskapingsplanen har mål om auka verdiskaping og fleire heilårsarbeidsplassar i reiselivsnæringa. Faktorar som til dømes nok snø, og ein infrastruktur som fungerer vil vere viktig for å nå desse måla.

Fylkeskommunen er i gang med å revidere gjeldande Fylkesdel plan for klima og miljø, og vil i juni 2018 vedta ein ny Regional plan for klimaomstilling. Det overordna mål for planframlegget er «Saman få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane». Prosjektet treff godt med planframlegget som mellom anna har desse temamåla for området næringsliv og teknologi og klimatilpassing:

- Næringslivet i Sogn og Fjordane bidreg til det grønne skiftet.
- Gjennom utvikling av kompetanse og kunnskap reduserer Sogn og Fjordane klimasårbarheita si, og er godt nok budd på dagens og framtidige klimautfordringar.

Planframlegget peikar også på fylkeskommunen skal bidra til å samle og formidle oppdatert kunnskap om klimaskapte naturfarer, og til å utvikle kompetanse og kunnskap.

Kunnskapen frå prosjektet vil vere viktig for fleire aktørar, ikkje berre dei som er med i prosjektet. Det er tre av fylkeskommunane som det er søkt støtte frå, og to av destinasjonsselskapa frå Sogn og Fjordane er sentrale i prosjektet. Temaet er så viktig for reiselivssatsinga i Sogn og Fjordane at vi ikkje ser det som unaturleg at fylket tek del i finansieringa. Prosjektet vil også vere med på å bygge opp kompetansemiljøet innan området i fylket, og tilføre viktig kompetanse og styrkje etablerte utdanningsprogram. Planframlegget for Regional plan for klimaomstilling har også som mål om at partnerskapen skal legge til rette for forsking- og utviklingsinstitusjonar knytt til miljøteknologi og berekraftige løysingar, som samarbeider tett med næringslivet og offentlege aktørar.

6.5 Tilråding

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til sette av til saman 300 000 kr. til prosjektet Konsekvensar av klimaendringar for det naturbaserte reiselivet i Norge. Tilskotet skal fordelast ut over prosjektperioden på fire år med 75 000 kr i året.

7. Program for studententreprenørskap

(Sakshandsamar: Egil Henning Ytrøy)

7.1 Bakgrunn

Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) søker Sogn og Fjordane fylkeskommune om delfinansiering til gjennomføring av eit 3-årig program for studententreprenørskap. Søknadssum er kr. 900.000,- (300.000,- årleg i tre år) til finansiering av ein studentinkubator i Sogn og Fjordane. Totalbudsjettet for heile prosjektet er kr. 10.850.000 for åra 2018 til og med 2020. Eigar av prosjektet er Mohnsenteret ved Høgskulen på Vestlandet.

I 2015 tok dåverande «Senter for nyskaping» ved Høgskulen i Bergen (HiB) initiativ til å starte opp eit forprosjekt for å fremje entreprenørskap i blant studentane ved HiB. Forprosjektet var finansiert av mellom anna Hordaland fylkeskommune. Målet til forprosjektet var å lansere ei heilskapleg og systematisk satsing for å stimulere til auka entreprenørskap i blant studentar i Bergen, finne måtar å systematisere og koordinere slike aktivitetar mellom relevante aktørar, samt utvikle gode metodar for å jobbe med kulturbygging og idèrealisering og gjere det relevant for nye grupper av studentar.

No ynskjer Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling, ved den fusjonerte høgskulen på Vestlandet, å gå vidare med eit hovudprosjekt over tre år. Mohnsenteret forskar på, underviser om og legg til rette for innovasjon og entreprenørskap. Senteret sin aktivitet er delt i tre; forskning, tilrettelegging og undervisning. Forsking innan innovasjon og regional utvikling er hovudaktiviteten ved senteret, men forskingsaktiviteten er også knytt opp mot utvikling av kunnskap om verkemiddel og metodar for å stimulere til innovasjon og entreprenørskap. Kunnskapen som vert utvikla innan forskning og tilrettelegging vert også nytta inn i HVL sitt studietilbod og undervisning.

7.2 Nærare omtale av søknaden og prosjektet

Satsinga i programmet har følgande hovudmål:

«Etablere ein robust struktur for å fremje innovasjons- og entreprenørskapskultur blant studentar ved HVL». I dette ligg det å utdanne kandidatar som kan bidra til å skape nye arbeidsplassar med stor vekstkraft på Vestlandet, samt å trygge eksisterande arbeidsplassar i regionen, samt å bidra til omstilling i offentleg sektor. Det er og ei målsetjing å etablere gode strukturar for samarbeid med dei andre høgare utdanningsinstitusjonane i regionen direkte og gjere dette koordinert med dei kommersialiseringsaktørane som HVL har felles eigarskap eller avtale med.

I tillegg har ein følgande delmål:

1. Utvikle nye arbeidsmetodar for studententreprenørskap som kan rettast mot ulike fagdisiplinar ved HVL
2. Byggje internkapasitet på entreprenørskapsfeltet ved dei ulike campusane ved HVL som er stand til å vidareføre aktivitetane i programmet etter at prosjektfinansieringa er avslutta.
3. Utvikle fleire og betre studententreprenørskapsprosjekt.
4. Leggje til rette for at HVL sine erfaringar med studententreprenørskap vert delt med andre relevante institusjonar på Vestlandet.

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane (KPSF) skal vere partnar i programmet og skal ha rolla som kommersialiseringsaktør i region Sogn og Fjordane. KPSF skal vere ein operativ partnar og aktør i alle delar av programmet i Sogn og Fjordane, og det er i prosjektplanen sett av ei halv stilling totalt til arbeidet ved campus i Førde og i Sogndal. For Sogn og Fjordane legg prosjektet opp til ei styrking av arbeidet med studentinkubatorar ved Høgskulen sine avdelingar i Førde og Sogndal.

Hovudføremålet med prosjektet er å utvikle gode metodar for å arbeide med studententreprenørskap. Aktivitetane som skal gjennomførast vil i stor grad bli utvikla i nær dialog med studentar og tilsette og i eit nært samarbeid med det regionale innovasjonssystemet. I og med at studentgruppa ved HVL er samansett med tanke på retningar og fag, er det eit ynskje å

utvikle tilbud som er mest mogeleg tilpassa dei ulike studieretningane ved høgskulen. Programmet vil utvikle aktivitetar for heile entreprenørskapsprosessen, alt frå strategiske og institusjonsbyggjande aktivitetar, til opptak i studentinkubatorar i Bergen, Førde og Sogndal (dei to sistnemte i regi av Kunnskapsparkei).

Det er utarbeidd kvantifiserte mål for dei ulike delaktivitetane i prosjektet og måltala synest å vere realistiske og oppnåelege. Det er også sett eigne måltal for både arrangement og prosjekt med sikte på kvinneleg deltaking og kvinnelege prosjektleiarar for søknadar til forskingsrådet si STUD-ENT ordning. Det er også sett mål for tal deltakarar med anna bakgrunn enn frå ingeniørfaga på nokre av dei planlagde arrangementa.

7.3 Budsjett og finansieringsplan

Etter dialog mellom Hordaland fylkeskommune og Mohnsenteret, er det gjort ei endring i kostnads- og finansieringsplanen for prosjektet der totalkostnaden er redusert frå 12,25 MNOK til 10,85 MNOK i høve den opphavlege søknaden. For Sogn og Fjordane fylkeskommune er omsøkt tilskotssum redusert frå totalt 1,5 MNOK til 0,9 MNOK i treårsperioden.

7.4 Vurdering

Hovudmålet med prosjektet er å auke interessa for entreprenørskap i blant studentane ved Høgskulen på Vestlandet og at det som konsekvens av dette vert etablert nye vekstbedrifter i regionen med utspring i Høgskulen på Vestlandet. Søkjar framhevar også at prosjektet kan bidra til auka samarbeid på tvers av dagens fylkesgrenser og på den måten få ei styrking av det regionale innovasjonssystemet. Prosjektet er også særskilt praktisk retta mot aktivitetar som skal bidra til både å utvikle og leggje til rette for meir entreprenørskap hjå studentane ved Høgskulen på Vestlandet. Satsinga kjem i tillegg til Ungt Entreprenørskap sitt arbeid med studentbedrifter.

Prosjektet er omfattande både med tanke på partnerar og aktivitetar, men det er sett av 50 % stilling til prosjektleiing og koordinering hjå prosjekteigar (Mohnsenteret). Det vert framleis jobba med å etablere ein god modell for styring og oppfølging av prosjektet. Sogn og Fjordane fylkeskommune har peika på at det er ynskjeleg at til dømes PLP-metoden vert nytta som styringsverktøy for prosjektet, med klare milepælar og plassering av ansvar for å sikre god gjennomføring.

Mål for prosjektet er godt skildra i søknaden og prosjektet vil truleg har ei positiv effekt med tanke på å stimulere til fleire gode studententreprenørprosjekt, gjennom heile entreprenørskapsprosessen, ut frå dei ulike miljøa ved Høgskulen på Vestlandet. For Sogn og Fjordane vil prosjektet bety ein styrka innsats av dette arbeidet ved Høgskulen sine miljø i Førde og Sogndal, og bidra til erfaringsutveksling og kompetansebygging mot relevante miljø i Hordaland. Eit godt utvikla og implementert program for studententreprenørskap kan også gje ein positiv effekt med tanke på rekruttering til studia ved HVL.

Hordaland fylkeskommune har ikkje formelt handsama saka, men innstiller på å ikkje delta med finansiering av prosjektet. Bergen og Stord er sentrale strok og Hordaland fylkeskommune vel å kanalisere sine utviklingsmidlar inn mot distriktsområda i fylket.

7.5 Tilråding

Ut frå ei totalvurdering av tilgjengelege midlar, sett opp mot prosjektet sin storleik, vel ein å innstille på å yte eit tilskot på kr 600.000,- til gjennomføring av prosjektet og dei planlagde aktivitetane i Sogn og Fjordane.

8. Midlar til trainee

(Sakshandsamar: Endre Høgalmen)

8.1 Bakgrunn

Næringsseksjonen i nærings- og kulturavdelinga vurderer å tilsetje trainee frå hausten 2018. Vi har gode erfaringar med å tilby relevant og interessant arbeid til relativt nyutdanna personar. Og dei som har vore trainee hos oss har hatt godt utbytte av dette året, og det har vore eit godt grunnlag for det vidare yrkesløpet.

8.2 Kort om tiltaket

Dei som vert tekne inn som trainee vil etter ein kort introduksjon lære gjennom praktisk arbeid. Dette under rettleiing av meir erfarne medarbeidarar. Dei får ansvar for sine oppgåver, som kan vere utgreiingsarbeid, dagleg økonomifunksjon, kommuneretta næringsutvikling og arbeid med heimesida vår. Gjennom arbeidet skal dei også få kjennskap til fylket, den øvrige delen av fylkeskommunen og verte kjende med samarbeidspartnerane våre.

Vi har ikkje fått endeleg avklart om vi får til den ønska trainee-løysinga til hausten. Men vi arbeider no med å finne finansiering i fall det praktiske elles fell på plass. Deler av finansieringa kan løysast gjennom avdelingsbudsjettet. Vi ber no om fullmakt til å nytte kr 450 000 frå næring og kultur sitt budsjett for 2018. Dette gjeld midlar avsett til nyskaping.

8.3 Konklusjon

Vi ber om at fylkesrådmannen får fullmakt til å nytte kr 450 000 til ei trainee-løysing frå hausten 2018. Midlane vert dekkja over næring og kultur sitt budsjett for 2018, tenesteområde 7015 Nyskaping.